



Snøhumla Mille

JANNE MARIT ØYE

& ANNE ANGELSHAUG





Det var ein varm og herleg sommardag. Blomane på enga strekte dei vakre kronene sine opp mot sola. Den vesle humla Mille surra hit og dit, frå den eine blomen til den andre. Ho kunne ikkje få nok av den gode og søte nektaren som skjulte seg inne i blomane.

Av og til stoppa ho opp. Ho rista på den lodne kroppen og vaska dei klissete føtene medan ho såg utover enga.

Sommarfuglane dansa i lufta og viste fram dei flotte fargane sine. Marihøna låg på eit blad og sola seg, og under ein blome kunne ein så vidt skimte ein liten snigel.

Om kvelden flaug Mille tilbake til bolet sitt, ei lita hole under eit av dei store marikåpeblada. Ho krølla seg i hop og breidde bladdyna over seg.







A whimsical illustration of a ladybug with a red shell and black spots, wearing small pink shoes. It is holding a small umbrella with red polka dots on a white background. The ladybug is perched on a green leaf. The background is a soft, painterly blue with falling raindrops and other green leaves, some with water droplets.

Neste morgon vakna Mille av trommelydar på
bladtaket over henne. Store dropar rann som
små elvar forbi bolet hennar.

Ho trekte bladdyna godt over seg og såg ut på
enga. Berre snigelen såg ut til å kose seg. Mille
såg på dropane som samla seg i små dammar
på dei store marikåpeblada.

Marihøna stod og slurpa i seg vatnet som rann
ned over stilken. Ho vinka til Mille, og Mille
vinka tilbake.

The background of the page is a soft, painterly illustration of a winter scene. It shows snow-covered tree branches and a dense flurry of white snowflakes falling against a pale, hazy sky. The snowflakes are of various sizes and shapes, some with intricate patterns. The overall color palette is cool, with whites, blues, and greys, creating a serene and magical atmosphere.

Neste morgon vakna Mille tidleg. Ho strekte
på føtene og rista på dei små vengjene sine.
Ho kika bort på Spindella, som sov med dei
lange beina rett ut til alle kantar.

Mille lista seg bort til opninga og såg ut
over den kvitkledde enga. Ho tenkte på alt
Spindella hadde fortalt, og no var ikkje
snøen skremmande lenger, men vakker.
Tenk å kunne flyge av stad ut i alt dette kvite!



Mille vart kald på føtene av å stå slik
i opninga og skunda seg tilbake under
det varme teppet.



Ein morgon vakna Spindella tidlegare enn vanleg.
Ho strekte på alle dei åtte føtene sine og gneid seg i
dei store auga.

Brått kvapp ho til, Mille låg ikkje der! Spindella var
raskt på beina og klar til å leite då ho fekk auge på
vennen sin.

Mille stod i opninga og såg med trist blikk ut på enga.
Spindella kjende eit stikk i brystet. Ho skjøna at
Mille lengta etter å flyge.





Mille elsker sommaren. Dag inn og dag ut
flyg ho over enga som er full av fargar og lydar,
blomstrar og dyr.

Men etter kvart visnar blomstrane, trea tek på
seg haustkåpa, og vinden bles tvers gjennom
den vesle humlekroppen. Mille er redd og trur
ho er heilt åleine i verda, men langt oppe i eit
tre ventar nokon på henne.

Eit eventyr om haust og vinter, vennskap
og varme.

